# Protokoll

| *Organ* | *Møtedato* | *Vedtak- sak nr.* | *Tidl. Sak* | *O-sak nr.* | *Ark.* |
|---|---|---|---|---|---|
| Styre | 03.03.2020 | 01 – 05 / 2020 | | | |
| Representantskap | | | | | |

| | |
|---|---|
| Møtt | Åge Verpe (Vinje), Gunnar Eilefstjønn (Seljord), Kjersti Bergland (Fyresdal), Olav Kjetil Greivstad (Kviteseid) |
| Forfall | Mona Skaufel Seltveit (Tokke), Tore Åsland (Kviteseid), |
| *Sak 01/2020* | **Sak 01/2020 Godkjenning av rekneskap og årsmelding for året 2019**<br>Vedlagt møtebok / møteinnkalling fylgjer utkast til rekneskap og årsmelding for året 2019.<br>Utkastet fremjast med atterhald om godkjenning frå revisor.<br>Styret gjer vedtak om godkjenning. |
| *Framlegg til vedtak Sak 01/2020* | **Sak 01/2020 Godkjenning av rekneskap og årsmelding for året 2019**<br>Styret vedtek det framlagte forslaget til rekneskap og årsmelding for året 2019.<br>Vedtaket gjerast med atterhald om godkjenning frå revisor. |
| *Vedtak Sak 01/2020* | **Sak 01/2020 Godkjenning av rekneskap og årsmelding for året 2019**<br>**Jf. framlegg til vedtak** |
| *Sak 02/2020* | **Sak 02/2020 Litveit slammottak - overtaking**<br>Drifts- og leigekontraktane med verksemda Lindum AS knytt til slamhandsaming og leige på/av Litveit slammotak blei jf. nemnde kontraktar terminera 31.12.2019.<br>Vi har ikkje kome til einigheit innan termineringsdatoen, og dei er bedne om å leige/drive mottaket fram mot 31.03.2020<br>Dette førehaldet vil formaliserast i møte med Lindum den 27. ds<br><br>Jf. Driftsavtala Renovest har med Lindum har vi rett til å overta anlegget til rekneskaps-messig nedskrivne verdiar.<br>Vi har og dialog om vidare driftsassistanse samt mottatt tilbod om kjøp av maskinar og anna utstyr på staden.<br><br>Under føresetnad om einighet med Lindum i nemnde møte kan det presenterast endelege avtaler i dagens styremøte |
| *Framlegg til vedtak Sak 02/2020* | **Sak 02/2020 Litveit slammottak - overtaking**<br>Styret godkjenner framlagte avtaler knytt til overtaking av anlegg, maskinar og anna utstyr samt avtale om vidare driftsassistanse knytt til slamhandtering på Litveit. |

| | |
|---|---|
| *Vedtak*<br>*Sak 02/2020* | **Sak 02/2020 Litveit slammottak - overtaking**<br>**Styret fatta inga vedtak i saka – saka har status som orientering.**<br>**Førehaldet er i tråd med drifts- og investeringsbudsjett.**<br>**Styreleiar og dagleg leiar er i styresak 32/2019 gjeve fullmakt til avtaleinngåing.** |
| *Sak 03/2020* | **Sak 03/2020 Selskapsavtale - revisjon**<br>Ein av eigarkommunane, Vinje kommune, har kome med følgjande ønskje;<br>*Kommunestyret i Vinje handsama ein rapport om eigarstyring i Vinje kommune i november 2019.*<br>*Kommunestyret gjorde vedtak om å fylgje råda i rapporten som kom via kontrollutvalet i Vinje. Eit av punkta er at det bør vurderast å innføre valkomite for val av styret i Renovest iks.*<br>*Eg ber om at styret og repskap vurderar å endre vedtektene slik at det blir teke inn reglar om valkomite som legg fram tilråing til repskap ved val til styret.*<br><br>Gjeldane selskapsavtale sendast styremedlemmene som eige vedlegg.<br>Ein vil og kome med forslag til endring i møtet |
| *Framlegg til vedtak*<br>*Sak 03/2020* | **Sak 03/2020 Selskapsavtale - revisjon**<br>Styret vedtek forslag til endring av Selskapsavtala – datera 03.03.2020<br>Forslaget sendast vidare til vedtak i representantskapsmøtet i april -20 |
| *Vedtak*<br>*Sak 03/2020* | **Sak 03/2020 Selskapsavtale - revisjon**<br>**Jf. framlegg til vedtak** |
| *Sak 04/2020* | **Sak 04/2020 Plan for styremøter i år 2020**<br>1. Tysdag – 03.03.2020 – oppsummering år 2019/førebels årsrekneskap 2019<br>2. Onsdag – 08.04.2020 – årsrekneskap 2019<br>3. Onsdag – 29.04.2020 – repr.møte / styremøte (styret møter i repr.skapsmøtet)<br>4. Onsdag – 16.09.2020 – økonomirapport 1. halvår ’20<br>5. Onsdag – 07.10.2020 –rammebudsj. ’21 og økonomiplan 2022 - 25<br>6. Onsdag – 04.11.2020 – premisser for detaljbudsjett ’21 / repr.skapsmøte<br>7. Tysdag – 08.12.2020 – økonomirapport 12/’20 (estimat) |
| *Framlegg til vedtak*<br>*Sak 04/2020* | **Sak 04/2020 Plan for styremøter i år 2020**<br>1. Tysdag – 03.03.2020 – oppsummering år 2019/førebels årsrekneskap 2019<br>2. Onsdag – 29.04.2020 – repr.møte / styremøte (styret møter i repr.skapsmøtet)<br>3. Onsdag – 16.09.2020 – økonomirapport 1. halvår ’20<br>4. Onsdag – 07.10.2020 –rammebudsj. ’21 og økonomiplan 2022 - 25<br>5. Onsdag – 04.11.2020 – premisser for detaljbudsjett ’21 / repr.skapsmøte<br>6. Tysdag – 08.12.2020 – økonomirapport 12/’20 (estimat) |

| | |
|---|---|
| *Vedtak*<br>*Sak 04/2020* | **Sak 04/2020 Plan for styremøter i år 2020**<br>**Jf. framlegg til vedtak.** |
| *Sak 05/2020* | ***Sak 05/2020 Eventuelt***<br>Saker til seinare handsaming / orientering:<br>- Høyring knytt til nye og/eller opprusting av hyttereturpunkt i Tokke kommune<br>- Omdisponering av investeringar<br>- Gebyrlegging av personer ved feil bruk av våre returpunkt<br>- Utarbeiding / godkjenning av «Avfallteknisk norm» |

Neste styremøte: 22.06.2020

*Kviteseid, den 03.03.2020*

| | | |
|---|---|---|
| ____________________<br>Åge Verpe<br>Styreleiar | ________________________<br>Gunnar Eilefstjønn<br>Nestleiar | forfall_____________<br>Mona Skaufel Seltveit<br>Styremedlem |
| ____________________<br>Olav Kjetil Greivstad<br>Varamedlem | ________________________<br>Kjersti Bergland<br>Styremedlem | __________________<br>Toralf Orekåsa<br>Sekretær / dagleg leiar |